



Det Kgl. Kunnskapsdepartement
Postboks 8119 Dep.
0032 Oslo

postmottak@kd.dep.no

Vår ref
2006/2482/33/A00

Deres ref:

Saksbehandlar
Kari Hølmo Holen
61 70 07 33

Dato
16.12.2009

Høyringsuttale - gratis leksehjelp, gratis skyss til SFO for funksjonshemma og spørsmål om politiattest i kulturskulen.

Kommunane Skjåk, Lom, Vågå, Lesja, Dovre og Sel gir følgjande felles uttale:

1. Gratis leksehjelp:

- Tilbod om gratis leksehjelp er positivt, men det praktiske rundt det vil vere ei utfordring. Korleis dette skal kunne bli eit tilbod til alle må løysast. Tilbodet skal vere frivillig og må nødvendigvis føre til forlenging av skoledagen. Kva så med dei som ikkje deltar, skal dei ha separat skyss heim eller ha andre tilbod?
I høyringsdokumentet er det vist til at det kan være organisert gjennom SFO eller ved anna tilbod på for eksempel skolen. Det er ei utfordring å nå dei som treng det når det skal vere ei frivillig ordning, og samtidig sikre like rettar for deltaking uavhengig av avstand til skulen.
- Gratis leksehjelp vil også vere eit kostnadsspørsmål. I dag er SFO-bemanninga minimal, og dersom leksehjelp skal prioriterast, vil det krevje auka bemanning. Spørsmålet er kva det vil koste og korleis dette vil bli kompensert. Gratis leksehjelp vil føre til både auka behov for timeressursar og dekning av skysskostnader. Kven skal betale for dette? Gratis SFO-tilbod vil også føre til reduserte inntekter med mindre foreldrebetaling.
- I utgangspunktet meiner vi at forslaget kanskje er reist som eit byfenomen, der det er mindre behov for skuleskyss.
- Kvaliteten på leksehjelpa vil vere viktig. Det er også viktig at dei som skal ha ansvar for leksehjelpa tar dette seriøst. Spørsmålet er også kva fagkompetanse som skal setjast inn, om det skal vere assistentar eller pedagoger, og om det blir sett krav til kompetanse.
- I forslag om gratis leksehjelp er det peikt på 1. – 4. klasse, mellomtrinnet vil etter vårt syn vere like aktuelt og ha minst like stort behov for leksehjelp.

- Vi har også drøfta foreldra sitt ansvar og kva konsekvensar dette kan få når det gjeld foreldreinnsats. Erfaring viser at haldningar til foreldra er ein viktig faktor for skularbeid og lekser.
 - Det er også reist spørsmål om det kan vere mogleg å tenkje parallelt kulturskule og leksehjelp? Da kan det vere eit tilbod til ein del at kulturskulen kjem inn i skuledagen, men utfordringa blir også her å kunne gje likt tilbod til alle. Erfaring er at dei som er aktive innafor kulturområdet også har nytte av dette i skulen.
 - Vidare er det reist spørsmål om dette forslaget kan vere starten på heildagsskulen?
2. Rett til skyss for funksjonshemma til og frå SFO-tilbod:
- I utgangspunktet er vi positive til dette, da dette kan lette dagen også for foreldra, men dette er ordningar der ekstrakostnad i så fall må kompenseras over andre budsjett enn skulane sitt.
 - Dersom eleven allereie har drosje i dag, kan det kanskje være aktuelt å forskyve tidspunkt for henting.
 - I utgangspunktet skal hjelpestønad og evt andre ordninger dekke slike ekstrakostnader, men det er ofte samansette problem der det også er behov for eit variert opplegg for å få eit godt nok tilbod. Det kan være til stor hjelp for familiare at skysstilbodet også blir utvida til å gjelde for SFO.
 - Utfordringa vil vere på den økonomiske sida, og at dette blir kompensert.
3. Politiattest i musikk- og kulturskoler
Sett som heilt OK at det blir sett krav til dette også her.

For kommunane i Nord-Gudbrandsdalen

Kari Hølmo Holen
Kommunalsjef i Sel

Kopi til postmottak i:
Skjåk kommune
Lom kommune
Vågå kommune
Lesja kommune
Dovre kommune